



**Alver kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø**

**Knarvik, 19.03.21**

## **Høyring - Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune**

Nordhordland Turlag vil med dette kome med innspel til saka. Turlaget meiner det er eit særslig initiativ frå kommunen om å oppretta prisar som gjev anerkjenning for det arbeidet som skapast av frivillige i kommunen.

Nordhordland Turlag har 2021 medlemmer og dekker kommunane Alver, Fedje, Austrheim, Masfjorden og Modalen. I Alver kommune har me 1746 medlemmer. Laget er den største friluftslivsorganisasjonen i Nordhordland og er lokallag under Bergen og Hordaland Turlag (BHT) og er ein del av DNT organisasjonen.

### **Kulturpris**

Turlaget foreslår at kommunen har ein kulturpris, dvs. ein pris som i saksutgreiinga omtalast som overgripande kulturpris som famnar alle organisasjonar. Denne vil henge høgt og truleg verte tildelt for «lang og tru teneste». Det skal vere ei stor anerkjenning å få ein slik pris.

### **Frivilligheit**

I saksframstillinga vert orda kulturpris, idrettspris og frivilligpris gjennomgåande nytta. Det vert skissert ulike modellar for kva kategoriar som kan vere aktuelle. Slik Turlaget ser det, kan det vere noko uklart kva kvart ord dekker av innhald. Kor vert for eksempel friluftslivet kategorisert? Kva skil Frivilligpris frå dei to andre kategoriane m.m?

Under føresetnad av at Kulturpris vert overgripande vil den naturleg nok dekkje alt av frivilligheit i kommunen. Då er spørsmålet om ein skal ha fleire prisar og eventuelt kva kategoriar?

Nordhordland Turlag meiner at det bere bør vere ein pris i tillegg. Då gjerne som Frivilligpris eller liknande ordval. Då kan alle lag, organisasjonar og einskildpersonar tildelast den prisen uavhengig av kva område dei deltek på. Då slepp ein meir definisjonar om kva som omfattast av ulike kategoriar. Då er det den som best oppfyller kriteria som vert tildelt uavhengig om det gjeld musikkorps, idrett, friluftsliv, sangkor osv. Og at idrett verdt likestilt med anna

frivilligkeit. Det framkjem ikkje kvifor idrett vert foreslått som eigen kategori når ikkje musikkorps, friluftsliv etc vert det. Det må også kome tydeleg fram kven som kan vere mottakar av ein slik pris. Kan t.d eit musikkorps som vinn noko få ein slik pris eller er det berre dei som bidreg med viktig innsats som tilretteleggjar for aktivitet som er aktuelle. Etter vår meining er det berre sistnemnte som bør oppfylle kriteria. Desse få eksempla visar at det er viktig å vere svært reflektert på nyansar når kriteria skal setjast.

### **Turlaget meiner**

Ein kulturpris i vid forstand bør oppretta. Den vil truleg vert ein «heiderspris» for langvarig innsats.

Ein Frivilligpris kan gjerne verte tildelt lag eller personar som har bidrige på viktige område i eit mykje kortare tidsperspektiv. Ein organisasjon eller person som har oppnådd t.d noko nytt og viktig det siste året eller dei siste fem år. Mange legg i dag ned stor og viktig innsats i eit kortare tidsrom og må også kunne oppnå anerkjenning for det. For mange priser har lett for å bli for «lang og tru teneste».

Når statuttane for tildeling formast, bør det vera rom for at dei skal evaluerast/takast til ny vurdering t.d kvart 10 år

Turlaget håpar dette er innspel som vert vurdert i det vidare arbeidet.

Med venleg helsing

Børge Brundtland  
Styreleiar